

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 Fylke: Nordland
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Fjell
 Emne: Gamal engkultúr Bygdelag: Søre litten
 Oppskr. av: Hans O. Nordvik Gard: Nordvik
 (adresse): Nessjøen G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Her var ordet eng lite nytta
 før, og ordet utslättar var ikkje
 brukt. Istaden bruktest ordet
 mark (markja) for eng, og so
 var det skrap, eller skrapslätten.
 I seinare tid er ordet eng kome
 meir i bruk her.

Ordet: ekre-na er kjend her,
 og brukast om eit marka-stykkje
 som ligg i sidhellinga, og helst
 noko i frå heimhitta.

Her på garden har me eit stykkje
 me kallar slett-ekre'na.

Ordet: alllegje brukast her, og
 tyder eit åkerstykkje som er
 allagd.

Utanom flar-sekja, nyttar me
 orda fjokkung og tydnsla.

Sameli's segjer me seka-høy, og
 engjahøy. Og me brukar nemninga:

Langorvslätt og Stultorvslätt.
 2 Rydning.

Her var lite av tre og skog,
 (allfor lite) so dublagd rydning

2

har her ikkje vore.
Det vart gjort ikkje so lite
med å rydja store og mindre
steinar bort frå markja (unga)
men det var primitive reidskaper
dei hadde å arbeida med, so
det gjekk seint og tungvint.
Vil i denne samanheng nemna,
at før her var halde utskift-
ning, var det vanskeleg å
arbeida gardane godt opp,
i alle høve her i Fjell.

Skann til dømes nemna, at
før utskiftingen her på Nordvik
som for iumarkja sitt vedkomman-
de var ferdig i 1905, var fars-
garden min oppdelt i 38
seinskilte stykkje. (Aker og eug)

Og millom kvart av desse
stykkje, låg det eit liknande
eug eller åker-stykkje, som ein
av naboane eigde.

Under slike forhold var det
vanskeleg med til dømes grøfing.

3. Nosevaksen eug hadde ein
lite eller inga råd med før.

Når det ein sjeldan gang
hende, at ein åker vart allagd,
so var han so full av trønska
(sleine kallar det grønska) at han
var heilt grøn om våren, og
når sūmareu kom vart han
heilt kvit av „prestekrage“.

Akrar som vart allagd hadde
berre vore sådd koden i, dei

siste 10-12 åra.

4. Myr og vasssjuk sug.

Frå omlag 1890 og frametter åra vart her utført ein del grøfting, det vil seija lækka grøfter. (Grøfter som var steinsett med mold oppå). Før den tid var det mest opne grøfter.

5. Gjødsling.

Frå omlag 1850 har her vore brukt oppsamla husdyrgjødsl på markja; (euga) men det var no fyrst og framst åkeren som måtte gjødslast godt, serleg kodm åkeren.

Omlag 1/3 part av den oppsamla husdyrgjødslen vart vel boren på euga. No det var ein del smaldmøkk (sæmøkk).

Og so vart "dongjen" spreid utover euga.

Dongjen var oppsamlingstaden for oska, fisk og sildesvfall, tang og mykje anna.

Det var vanleg å rekna eit vist antal korgar på kvart eugestykke.

Men me kann vel seija det slik, at enga fekk den gjødsl som var alt, når åkeren hadde fått det han måtte ha.

Når dei byrja med møkaberings om våren, so bar dei fyrst på åkeren i den tida.

1888

4.

Difor herma me stundom etter ein gamal manne, som syntes dei unge folkje i huset bar for mykje møkk på euga, og for lite på åkeren. Då sa han: "Når de har borte møkja på markja, so får de bera skjiten på åkeren".

6. Nei.

7. Ja. Flors-hüsa (løg og fjös) vart alltid sett slik før, at sekja skü verta størst mogeleg. Og å grava små ^{opne} grefter for å leida seget frå møkkhuset (eller møttingja) vart gjort kvart år. I den tida var det eit sjeldan syn, at kumøkja låg under tak.

Difor var det mykje gjødsel som seig utover euga.

Det engstykke kallas (og kallast) for sekja, eller flors-sekja.

I gamall tid la ein alltid vinn på, å leggja åkrane på hængar eller i bakkar, slik at euga nedanfor skü få løa frå åkeren. Likeins for at veta skü siga vekk, so at åkeren helt seg turr.

8. Det var no helst om våre, men der var og dei, som trüdde det var best med haüstmök. Ja, reidskapane dei nytta var dei same.

Når smalamökja skü' üt or
 hūset, vart ho fyrst pikka
 sünd med ei lita jarn-pikka
 og so brükte dei ei vea-greip
 (Vregreip) til å leggja mökja i
 korgja med. So tok dei korgja
 på ryggen og bar ho på det
 eng eller åker-stykkje som
 skü' gjödslast. Samelvis
 var det med kü-mökja og,
 (men den slapp dei pikka sünd)
 So var det kvinufolka som
 sette mökja ütover, og det
 brükte dei og vea-greip til.

- Når mökja hadde legje
 ütover markja ei veka, eller
 so, eller som det traff til
 med vatsvir, so vart ho
 mylda med ei vauleg riva.
 Vår mökja passeleg blaut
 når ho vart mylda, so
 vart det ikkje mykje å raka
 av, når dei skü' rydja.

Vea-greipa var tre-tenda, slik
 at legjen (skaftet) fortsette
 heilt ned, og utgjorde midt=
 tendu, og so var det tydnat-
 tendu. Dei var helst av eik
 eller ask, og alle tre var
 flat-aktige.

Dei brükte vea-spa og, men
 han var jarnbeslegjen i endu
 på spa-blå. Det kaltes spagrev.

Loovorne reidskap var i

brück her til kring 1880.
Far fortel, at han fekk kjøpa
ei stålgreip hos Wallendal
i Bergen i 1879. Ho kosta
2 dalar og 12 skilling, og det
var den fyrste greip av det
slaget her på Nordvik.

9. Ja, det har vore brukar,
men det var ikkje med
tanke på gjødselen.

Det var for at dyra skulle
få seg sjølv so luge som
mogeleg.

I den tida vart all my
beita. Tjyrna beita i umarka
berre om høsten; men
sæne beita ho både høst
og vår. 10. Skiffe i beitinga
der berre det, at no vert
atlegg iungjorda, so dei vert
ikkje beita korkje høst
eller vår, nokre år.

11. Nei, det har ikkje vore
gjort her.

12. Når vert var fint, so
gjekk kyrna ute om natta;
men var det kaldt eller
regn, so var dei inne i
sømarfjøs. Her kallar me
slike fjøs for: Skjene-flor.
Dei var plasserte slik, at
det skulle vara lettare å få
gjødsla den myg eller åker
som lag lengst ifrå heime.

hüsa. Det heude at süme
gardar hadde so slike fjös.
Gjidsla vart lagra i eller
alt-med skjene floren til om
våren, og spreidd då.

13. Det veit me ikkje om her.

Resten av spørsmåla geld
ting, som ikkje er kjende her.

Det einaste som kann
nemnast er (spørsmål 18) at
inutil kring 1880, var det
mykje rev her på Lotra.

Lamb-säuene måtte jøtast
om dagen, og lamba havast
i hüsa om natta. Svart
brük hadde sitt vesle lamb-
hüs. Dei var müra av stein
heile hüsa, og steinheller som
var revne i ütmarkja til tak.
Atter-stöden av desse små
hüsa står her enno.

— Med gift og bakser fekk
dei tynd revne her på byna.

Kord.
Fjell

KULTURGEOGRAFISK REGISTRETTIG
PÅ VESTLANDET


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDEN

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handteket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?

*Nei, eg trur ikkje den måten
har vore brukt her.*



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel?

1992

Har ein bruka kumøkk til brensel?

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Nei
Ja.

Her gjødslar me kvart år ein del av heimløene med kumøkk. Berre i turre vārar ligg det ikkje so lite att, som vert raka saman i små påter, når markja vert rydd om våren. Denne ryddsla har ofte vore brukt til brendsels utover våren og seimaren.

*Vyrdsvart: Hans O. Nordvik, Fjell.
Kordaland*